



Inngangsprosesjon med Lina Håland og Reidar Adnanes i fylgje

**Reidar Adnanes vart i dag innsett som prest i Husnes prestegjeld, med funksjonen som sokneprest for Husnes og Holmedal sokner. Adnanes vil også gjera teneste i Uskedalen og medlemmer frå vårt eige sokneråd møtte fram på den stilfulle og innhaldsrike gudstenesta.**



[Reidar Ådnanes takkar for god mottaking i Kvinnherad](#)

Reidar Ådnanes har bakgrunnen sin frå Sjømannskyrkja, og før det som kateket på Bømlo og prost i Sunnhordland.

Teksten for dagen er henta frå Johannes evangelium der Nikodemus møter Jesus i samtalen om trua og det å søkja det som er rett og godt i livet.

Den nye soknepresten vil vera ein prest for alle døypte og for alle søkjande. Kyrkja skal ikkje sortera, men vera open for alle. Å tru er å vera under vegs med all tvil og alle spørsmål.

Prosten i Sunnhordland, Svein Arne Theodorsen, var med på innsetjinga, og det vart lese opp helsing frå bispen Nordhaug.

Ordførar, Peder Sjø Slettebø, sa fram helsing frå kommunen.

Vår eigen sokneprest Lina Håland sa fram kyrkjebøna og avslutta gudstenesta med kraftfull gospelsong med tonefylgje av organist Marit Lindekleiv og Kristine Hestad på tverrfløyte.

Tekst/ foto: Kristian Bringedal

Nett: Thor Inge Døssland